

Ofte stilte spørsmål om bachelorutveksling

Kan eg reisa til alle landa på lista over utvekslingsstadar?

Dei aller fleste land er opne for innreise, men nokre få har framleis restriksjonar. Dette gjeld fyrst og fremst Kina og Hong Kong. Me har ikkje fått informasjon frå partnerane våre i Kina og Hong Kong om kva som vil skje framover, men me kjem til å opna opp for utveksling i Kina og Hong Kong i fyrste omgang. Merk likevel at det ikkje er sikkert at Kina opnar opp for innreise våren 2023, og at det kan henda at utvekslinga di vert avlyst på kort varsel. NHH kjem ikkje til å senda studentar til Russland i skuleåret 2022-2023.

Lista finn du her: <https://www.nhh.no/for-studenter/internasjonale-muligheter/utveksling/soknad-om-utveksling/utvekslingssteder-bachelor2/>

Om søknad til utveksling

Treng eg å lasta opp karakterane mine frå NHH i søknaden?

Nei, desse har me tilgang til i vårt system.

Treng eg å lasta opp karakterane mine frå vidaregåande skule?

Nei, det treng du ikkje med mindre du tok heile vidaregåande i utlandet eller IB. Når du søker direkte til vertsuniversitetet, vil du derimot ofte måtte lasta opp ein kopi av karakterane frå vidaregåande.

Kva var snittet i fjor?

NHH deler ikkje ut tidlegare snitt av omsyn til personvern.

Eg har klaga på ein karakter. Kjem det med i snittet?

Me reknar snittet ut ifrå karakterane du har fått innan 22. august. Dersom du har klaga på sensur, men ikkje fått svar innan 22. august, så vil ikkje den karakteren tella med i snittet.

Eg tok fem eller fleire kurs sist semester, og har difor lågare snitt enn eg elles ville hatt. Kan eg få velja kva fire kurs de reknar snittet ut ifrå, eller på anna vis unngå at snittet vert rekna ut frå alle kursa eg har tatt?

Nei. Me reknar ut snittet ut ifrå alle karakterane du har fått frå NHH, til og med dersom du har tatt fleire kurs enn nødvendig eit semester.

Er motivasjonsbrev nødvendig i søknaden?

Ja. Du må levera motivasjonsbrev og CV i ein samla PDF. Bruk gjerne «PDF merger» på nett til dette. Søknadar utan motivasjonsbrev vil automatisk få avslag.

Vert motivasjonsbrevet lest av NHH, eller av skulane eg søker på?

Motivasjonsbrevet vert berre lest av oss. Det er viktig at du får fram kvifor du vil reisa på utveksling og kvifor du har valt fyrstevalet ditt. Det viktigaste er at du får fram motivasjonen og noko substans, altså noko meir enn «Eg vil reisa på utveksling fordi det verkar kult».

Kan eg skriva eit generelt motivasjonsbrev, eller må det vera eit spesifikt motivasjonsbrev for kvart land?

Du treng berre å skriva eit motivasjonsbrev. Dette kan vera generelt, retta mot eit eller fleire bestemte land, eller eit eller fleire bestemte universitet. Det vel du sjølv. Viss du skal søkja til Rikkyo,

må du skriva eit ekstra motivasjonsbrev der du skriv kvifor du i tillegg er motivert til å ta ein internship i Japan.

Er det eit krav å lasta opp CV i søknaden?

Ja, det er eit må-krav, saman med motivasjonsbrevet. Me vil berre ha ein heilt vanleg CV utan referansar. Søknadar utan CV vil automatisk få avslag.

Må eg ta TOEFL-test før søknadsfrist 1. juni?

Nei, du må ta testen før du søker til vertsuniversitetet ditt. Dette skjer vanlegvis ila. hausten.

Eg hadde spansk/fransk/tysk på vidaregåande skule. Er det godt nok for å søkja skular med språkkrav?

Nei, du må ha tatt minst 15 studiepoeng ved høgare utdanning, t.d. språkkurs ved NHH, for å oppfylle krava. Du kan òg ha språket som morsmål eller tatt kurs ved andre institusjonar før avreise, t.d. Folkeuniversitetet. Det er viktig at du kan dokumentera språkkunnskapane dine, og nemner dette i motivasjonsbrevet ditt.

Les meir om språkkrava her: <https://www.nhh.no/for-studenter/internasjonale-muligheter/utveksling/kurs-pa-utveksling/>

Eg trekte meg frå utveksling i fjor pga. Covid-19. Vil eg verta nedprioritert i år?

Studentar som måtte avlysa utveksling fordi dei ikkje fekk høve til å reisa inn i vertslandet, eller i tilfelle der vertsuniversitetet avlyste utvekslinga, vil ikkje vera nedprioriterte. Dette gjeld berre for søkerarar som fekk utvekslingsplass i Hong Kong, Kina eller Taiwan våren 2022. Andre som avlyste utveksling pga. Covid-19, men utan medisinsk dokumentasjon, vil vera nedprioriterte.

Om utvekslingsstadane

Somme av skulane eg tenkjer å søkja på har ein akademisk kalender som seier at semesteret varer til slutten av juli eller slutten av august, medan eksamensperioden er oppført til å vera ferdige lenge før sluttdatoane til semesteret. Må eg vera på utvekslingsskulen heilt til den oppførte datoen for semesterslutt?

Somme universitet skriv at semesteret varer heilt til registreringsfristen på det neste semesteret, sjølv om eksamensperioden er ferdig lenge før. Det er som om NHH skulle skrive at vårsemesteret varer til 1. september fordi det er fristen for å registrera seg for haustsemesteret. Det er i all hovudsak tyske universitetet som har forskjøve semester, men ta kontakt med oss viss du framleis er usikker etter grundig utforsking.

Skulen eg skal søkja på seier noko anna enn det som står på NHH sine nettsider. Kven har rett?

Du skal berre forhalda deg til informasjonen på våre nettsider. NHH har forhandla fram betre vilkår for våre studentar, t.d. gratisplassar og fritak frå språktestar, slik at det skal vera enklare for deg å reisa på utveksling.

På nettsida står det to språk: engelsk og eit språk til. Må eg kunne det andre språket?

Nei, dersom det står to språk, er det nok kurs på engelsk til å berre ta engelskspråklege kurs. Kan du begge, har du berre fleire kurs å velja mellom.

Dersom somme av skulane ikkje har nokre fag som står på lista dykkar over tidlegare godkjente fag, vil dei ha nok fag til at eg kan få 30 studiepoeng godkjent likevel? Kan eg velja fag som ikkje er på lista?

Lista over førehandsgodkjente fag viser kva fag som er tidlegare godkjent, men me tilrår studentar til å søkja godkjenning for nye kurs. Studentar kan difor ta kurs både frå lista og søkja om godkjenning av nye kurs utan problem.

Lista finn du på Canvas, i filmappa til «International Opportunities».

Godkjenner dykk ny obligatoriske fag?

Nei, det er berre kurs som allereie er på lista som kan erstatta obligatoriske kurs.

Anna

Vert faga eg tar på utveksling registrert som bestått/ikkje bestått på vitnemålet mitt frå NHH, eller vil karakterane verta overført til NHH-vitnemålet?

Kurs du tar på utveksling vert innpassa til bestått/ikkje bestått. NHH innpasser berre kurs som er bestått etter krava til vertsuniversitetet. Når du er ferdig med bachelorgraden din, vil det berre stå kursnamn, studiestad og talet på studiepoeng og «bestått» på dei kursa du tok på utveksling.

Eg skal søkja om utveksling i sjettemester. Er det noko spesielt eg må tenkja på?

Du må fullføra alle obligatoriske kurs før utreise. Hugs at du vil få vitnemålet noko seinare enn dine medstudentar ettersom innpass er gjennomført i september og oktober. Viss du planlegg å ta mastergraden ved NHH, er dette uproblematisk då me samarbeider internt, men viss du planlegg å ta mastergrad ein annan stad, tilrår me ikkje å dra på utveksling i sjettemester ettersom me ikkje kan garantera at du vil få vitnemålet i tide.